

# Referat samlagstyremøte 22.01.2020

Stad: Olsvika

Til stades: Ola Vangen, Ola Kåre Dybvik, Trine Ramsvik Stette, Gaute Aamlid, Tom Olav Molskred, Roger Vangen, Thor Einar Aurdal, Ronny Vedå og Ove Tomren

1/2020            Oppdatering av brønnøysundregisteret  
Leiar fekk inn fødselsnummer til dei nye styremedlemma for å oppdatere  
Brønnøysundregisteret til dagens styre.

2/ 2020            Gjennomgang av oppgåvene til styremedlemma.  
Styret i 2020 består av:  
Leiar – Ola Vangen  
Nestleiar – Ola Kåre Dybvik  
Kasserar – Roger Vangen  
Ungdomsleiar – Trine Ramsvik Stette  
Styremedlem/Utdanningskontakt – Thor Einar Aurdal  
Styremedlem – Gaute Aamlid  
Styremedlem/ IT-kontakt – Ronny Vedå  
Styremedlem/ feltkontakt/– Tom Olav Molskred

Vara: Erlend Overaa

Vara: Runar Karl Stette

Arbeidsoppgåvene blei fordelt etter verva til kvar enkel.

3/ 2020            Organisasjonsskyting  
Styret kjem med forslag om at Engesetdal/skodje arrangerar i veke 21, og at  
Sykkylven arrangerar i veke 28.

Leiar bekreftar dette med arrangørane.

4/ 2020 Oppdatering frå kasserar

Kasserar kunne informere om at han hadde hatt eit møte med tidlegare kasserar om kva som er status og kva som ikkje er gjort frå tidlegare år. Det blei informert om at i tillegg til manglande fakturering frå åra før så var det heller ikkje utbetalt diverse honorar og utlegg. Dette blir starta på snarast og vil skje fortløpande i tida som kjem.

Det blir tatt ei ny orientering på økonomi og status ved neste møte.

5/ 2020 Oppdatering frå skytebanekontakt

I løpet av 2019 har skytebanekontakt Ove Tomren sjekka at papir og data stemmer. Samt han har tatt tilfeldig visitt på eit par baner.

I løpet av 2020 skal det takast ei sjekkrunde på alle skytebaner. Dette vert varsla på førehand, men styret anmodar skyttarlaga til å syte for at alt er klart allereie no.

6/ 2020 Handlingsplan:

Styret har satt opp følgande punkt på handlingsplanen for 2020:

Terminlistemøte, ledermøte, ungdomssamling, pizzakveld på LS og seniorsamling. Ei feltsamling i forkant av LS kan og vere aktuelt.

- Styret diskuterte og felles overnatting på landskytterstevne i Bodø og Voss. Tidlegare år er dette noko enkeltpersonar har teke amvsr for. Styret vil sjå nærare på dette og diskutere om dette kan vere ein fast jobb for styret.

7/ 2020 Møteplan for samlagsstyret

Førebels vert møteplanen for styret slik: 18.03, 27.05, 09.09, 25.11. Endringar kan forekomme.

8/ 2020 Handsaming av bly

Styret diskuterte handsaming av bly frå miniatyrskytebaner. Styret vil sjå på ein eventuell felles avfallshandtering. Vi vil oppmode skyttarlag til å dokumentere kva ein gjer med blyet.

9/ 2020      Sak med Sunnmørsposten

Formann har opplyst styret om at pressekontakt Beate Hjellen har fått sparken som freelancer i avisen Sunnmørsposten. Bakgrunnen for dette er ein avgjerelse som redaksjonsledelsen gjorde på grunn av ei anonym bekymringsmelding som dei mottok frå ein lesar.

I bekymringsmeldinga kjem det fram at den anonyme innsendaren undrast over at avisen vil ansette ein tillitsvalgt med styreverv til å vere freelancer. Innsendaren beskriver dette som kritikkverdig overfor sporten.

I mellomtida mens styret jobber for å få på plass ein ny freelancer så vil Beate sende inn resultat og bilete til avisa slik at dei får fortsette og skrive artiklar om skyting.

Styret kjem også til å sende ut ein generell e-post til alle skyttarlag i samlaget om korleis situasjonen er, og også publisere ein post på Facebook sida til samlaget